



Samferdselsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ny organisasjonsstruktur Statens vegvesen

Sogn regionråd er einige med Statens vegvesen i at det er naturleg å legge utbyggingsdivisjonen til Vestland. Region Vest har i dag størst utbygging, Vestlandet har gode kommunikasjonar og det er eit etablert kompetansemiljø som divisjonen kan spele saman med. Det er positivt at ei eining på nivå 2 i divisjonen Transport og samfunn vert tilrådd lagt til Leikanger. Sogn regionråd meiner at også leiinga for Divisjon utbygging må lokaliserast til Leikanger. Det vil sikra høg kvalitet i tenestene og effektiv drift.

Dei største utbyggingsprosjekta i vegvesenet vert i dag leia frå Leikanger. Regionleiinga i dagens region har allereie kontor på Leikanger, og det er kompetanse, leiarar og naudsynte strukturar på plass allereie i dag. Fylkesmannen i Vestland har hovudkontor på Leikanger. Vestland fylkeskommune har lagt sin fylkesvegadministrasjon til Leikanger. Det vil vere store og viktige synergjar for Statens vegvesen å samspele med eit sterkt og stabilt kompetansemiljø.

Ei lokalisering av utbyggingsdivisjonen til regionvegkontoret i Leikanger vil etter Sogn regionråd sitt syn medverke til å følgje opp ei rekkje av føringane i Stortingsmelding 18 (2016-2017)

Berekraftige byar og sterke distrikt:

- Å styrkje dei langsiktige føresetnadene for konkurranseevne og regional vekstkraft i Sogn spesielt og i det tidlegare Sogn og Fjordane generelt
- Styrkje samarbeid og samordning mellom statleg og regionalt nivå innan nasjonal og fylkeskommunal vegadministrasjon
- Sikre ei balansert lokalisering av statlege arbeidsplasser og nytte fagkompetansen som finst på ulike stader i landet
- Bidra til å handtere ei meir akutt omstillingsutfordring i Sognregionen som følgje av regionreforma

Ei lokalisering til Leikanger er heller ikkje i vegen for å oppfylle føringane i retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon, fastsett ved kgl.res i 2014.

Dette vil medverke til:

- Ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet
- Som ei stadiavhengig teneste kan lokalisering til Leikanger dekkje både kompetansekrav til dei som skal utføre arbeidsoppgåvene, krav til infrastruktur og nærleik til både andre typar fagmiljø og offentlege styresmakter
- Ei lokalisering i Sogn vil også ha stort potensiale til å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplasser, både med omsyn til omfang og breidde. Nye Sogndal kommune, som Leikanger vert del av, er eit viktig regionalt senter i nye Vestland fylkeskommune.

Sogn regionråd ber difor Samferdselsdepartementet om å gjere ei ny og sjølvstendig vurdering av Leikanger som lokaliseringsstad for divisjon utbygging i den nye organisasjonsstrukturen for Statens vegvesen.

Sogn regionråd ser positivt på tilrådinga til løyvekontor i Lærdal og minner om framtidig lokalisering av transportløyveseksjonen. Sogn regionråd er usamde i vurderingane til trafikale forhold på Kaupanger og forventar at trafikkstasjonstilbodet vert oppretthalde i Sogn.

Sogn regionråd ber om eit møte med departementa om saka.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift